

## Høyring - langtidsutleige av kyrkjer

Uttale frå Askvoll sokneråd (vedteke 26.11.2020, sak SR 2020/54):

Askvoll sokneråd er samd med Kyrkjerådet/Kyrkjemøtet at det i ny kyrkjeordning skal opnast for regelfesta høve til langtidsutleige av kyrkjer der *minst* følgjande to vilkår ligg til grunn:

- *Det skal vere minst ei anna kyrkje i soknet til å ivareta lokalt kyrkjeleg tilbod til soknet sine innbyggjarar for at godkjenning om langtidsutleige kan verte gitt.*
- *Søknad skal komme etter lokalt initiativ frå organ som representerer soknet.*

Kva som helst organ som representerer soknet skal kunne fremje søknad om langtidsutleige av kyrkje. Der fleire organ representerer soknet (sokneråd/fellesråd/mogleg framtidig prostifellesråd) skal alle gje uttale før det vert fatta vedtak om godkjenning av utleige. Ingen organ som representerer soknet skal ha vetorett i sak om langtidsutleige.

Det skal óg sikrast i nærare reglar for sakshandsamingsprosess (fastsett av Kyrkjemøtet) at soknemøtet skal gje uttale før endeleg vedtak vert fatta av rett instans.

For å ivareta omsynet til vurdering av soknepresten sin bruksrett av kyrkja, skal biskopen alltid vere involvert i godkjenningsprosessen, anten direkte som eventuell godkjenningsinstans eller indirekte med høyringsrett, dersom mynde til godkjenning av langtidsutleige vert lagt til bispedømmeråd eller Kyrkjerådet.

Vi ønskjer primært at bispedømmerådet er godkjenningsinstans i langtidsutleigesaker då bispedømmerådet allereie har mynde til å dispensere fra atskillelsesforbudet i kyrkjeordninga § 20, 3. ledd. Sal av fast eigedom (inventar) har til felles med begrensningar i bruksrett at dette dreier seg om forvaltning av kyrkja sine økonomiske verdiar.

Vi er ikkje samd med Kyrkjerådet i at det ikkje skal vere klagerett på godkjenningsvedtak. Dersom biskop eller bispedømmeråd er godkjenningsinstans, skal organ som representerer soknet ha klagerett i saker om langtidsutleige, og om Kyrkjerådet handsamar klager, vil ein sikre éin nasjonal praksis.

Askvoll 27.11.2020

Rune Ziener  
kyrkjeverje